



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Klepp sokneråd**

Kleppevarden 2  
Postboks 101  
4358 KLEPPE  
[klepp.sokneraad@klepp-kirken.no](mailto:klepp.sokneraad@klepp-kirken.no)  
[www.kleppkyrkje.no](http://www.kleppkyrkje.no)  
Kontonr. 3290.07.71265  
Org.nr. 976 993 551

**Møtebok.**

Frå kl 19:30 til 22:00 Møtedato: 24.08.2016

Frå saksnummer: 43/16 Til saksnummer: 53/16	Møtestad: Menighetssalen
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Ivar Slettebø (nestleiar) Andreas Haarr (sokneprest) Inger Vassel Myrstad Tor Henrik Nesse Magne Gjesteland Anne Mari Tjåland Tengesdal Magnus Friestad Bjørkavoll-Bergseth Inger Christine Roth Jakobsen
Vara medlemmer:	Hans Theis(1.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær
Diverse merknader	Ikkje til stades:

**Sak 43/16 Godkjenning av saksliste og innkalling**

**Vedtak:** *Saksliste og innkalling vert godkjent.*

**Sak 44/16 Godkjenning av møtebok av 01.06.2016**

**Vedtak:** *Møteboka av 01.06.2016 vert godkjent.*

**Sak 45/16 Oppstartsgudstenesta**

Det vert ei vanleg gudsteneste der ein tek i bruk dei nye salmebøkene. Det vert grilling ved Jarle Malmin som tidlegare år.

Soknerådet er med og hjelper til med praktiske oppgåver i samband med grillinga.

**Sak 46/16 Gudstenesta på Jærhagen / Klepp 24**

Bryne IMF Brass og barnekor frå frikyrkja vert med . Jærhagen stiller med stolar.

Ved loppemarkaden set vi opp eit informasjonshjørne om arbeidet i kyrkjelyden.

**Sak 47/16 Orienteringssaker**

- a) Stille kveldar – Grete Fiksdal er initiativtakar. Dette vert ein del av arbeidet som ligg under diakonitvalet.
- b) Språkkafé – Det var lite oppmøte dei siste gongane før ferien, og ein har avslutta språkkaféen i den forma den hadde. Soknerådet går inn for at Klepp sokn går inn og styrkjer det andre arbeidet blant flyktningar i kommunen,
- c) mCASH – vi har no fått sett opp mCASH for Klepp kyrkje. Denne app'en gjer oss mulighet til å ta opp offer og gåver til kyrkjelyden via smarttelefonar. Det vil bli informert om dette på gudstenesta 18. september. Då vil ein ha brosjyremateriell tilgjengelig i tillegg til at nokon er klar til å hjelpe dei som treng hjelp for å få dette opp og gå.
- d) Kjølenskapsmagnet med informasjon om det som skjer hausten 2016. Vert delt ut på oppstartsgudstenesta. Ein til kvar husstand.

**Sak 48/16 Strategiplan**

Soknerådet jobba vidare med handlingsplanen til strategiplanen. Denne vert no teken vidare til staben. Soknerådsleiar vert med på eit stabsmøte der denne vert lagt fram.

**Sak 49/16 Årshjul Klepp sokneråd**

**Vedtak:** *Forslag til årshjul vert godkjent*

**Sak 50/16 Rekneskapsrapport per 30.06.2016**

Det må verta eit auka fokus på gjevartenesta og økonomien. Ein vil setta fokus på dette i oktober.

**Vedtak:** *Rekneskapsrapport per 30.06.2016 vert tatt til orientering.*

**Sak 51/16 TV-aksjonen**

**Vedtak:** *Hans Theis vert ny kontaktperson for Klepp sokneråd. Sekretær informerer Klepp kommune om dette.*

**Sak 52/16 Helaften**

Komité for Helaften må sjekka opp i kva som er avtalt og reservera bedehuset for Helaften 2017 dersom dette ikkje er gjort.

**Sak 53/16    Ymse**

- a) Kyrkja har blitt malt i sommar – veldig flott resultat.
- b) Det er sendt ut varsel om oppstart av regulering av tomt til ny kyrkje.
- c) Gudstenesteutvalet – det vert eit bønemøte før kvar gudsteneste der alle som deltek med ulike oppgåver i gudstenesta deltek.
- d) Klepp stasjon kyrkjelyd – det vert gudstenester der ein søndag kvar månad.  
Viktig med eit godt samarbeid i denne tida.
- e) Dei gamle salmebøkene vert delt ut på oppstartsgudstenesta til dei som vil ha.

Ref Ingunn D Aandal  
Sekretær